

Vestlandsk visepop-debut med poesibasert konseptalbum

Mennesket sine inste lengsler er gjennomgangstema i debutalbumet **La Månen Lokke Deg Inn** frå låtskrivarparet **Arne-Helge Byrknes** (Alversund) og **Trude Håvardstun** (Bergen), som blir sleppt 13. mars 2020 (CD og digitalt).

Spotify: <https://open.spotify.com/album/3rTOAul4Bi1isYHryl3HVH?si=xUKQu6MwTqO9Jqx1IN2BQQ>

Dei ti songane, opprinneleg publiserte som dikt av bergenspoeten Håvardstun, er tidlause betraktningar om kjerna i det å vere menneske, ei poetisk reise gjennom livets ulike fasar.

Trude Håvardstun er diktblogger ved siden av jobb ved et aktivitetssenter for eldre. Livshistoriane til menneske ho møter i jobben er inspirasjonskjelde for Håvardstun sin poesi.

Ei dame i 90-åra med langtkommen demens fortalte korleis gamle songar kunne framkalle klare minne fra då ho var ung. Musikken ga henne stunder der ho følte at ho var seg sjølv att. Det inspirerte Håvardstun til å skrive *Syng meg dei stille songane*, eitt av ti dikt som har blitt til song på albumet.

Diktsamlinga er tonesett av Byrknes, som også frontar prosjektet som vokalartist. Musiksjangeren er melodisk visepop – i landskapet mellom nordisk visetradisjon og pop/country.

- Eg hørde musikk i Trude Håvardstun sine dikt, ho likte melodiane eg sette til dei, og måten eg song dei på. Dette inspirerte oss begge til å halde fram å skrive låtar saman, og etterkvart hadde vi materiale nok til fleire album, seier Arne-Helge Byrknes.

- Orda og linjene får sin eigen syngande rytme når eg skriv på nynorsk, det er som om dikta kjem frå ein stad langt inne i meg, som om dei har lege der og berre venta på å sleppe ut, seier Trude Håvardstun.

Velrennomerte musikarar frå bergensområdet er med på å setje sitt musikalske preg på albumet. Gitarmeisteren **Bjarte Aasmul** på elektrisk og akustisk gitar og bouzouki, **Kai Taule** på el-bass og kor, **Henning Hodne Mjanger** på pedal steel-gitar og **Daniel Hauge** på keybords, trommer osv. Trude Håvardstun syng kor og duett på *Sånne tankar* og *Barn*.

Plata er spelt inn i Lydetaten studio utanfor Bergen og er produsert av **Arne-Helge Byrknes** og **Daniel Hauge**, som også står for miks og mastring.

Songane:

Blå vind er moll-blues-melankoli med ei bøn om å bli sett i tunge tider med storm og regn.

La månen lokke deg inn handlar om å befinne seg i den djupaste avgrunn av fortvilelse, og om håpet og lyset som tek ein vidare.

Sånne tankar er ein country-aktig duett-ballade om tapt kjærleik, den eine ein aldri gløymer.

Sakte dans er ei sjølvbiografisk feel-good-vise, inspirert av vinterstemningar og forelskelse.

Barn er ei mor si kjærleiksvise til barnet, fra det låg under hjarta hennar til det skal forlate reiret og "flyge høgt og falle fritt".

Kontakt: arnehelge.byrknes@gmail.com tlf 93 46 72 02 <https://www.arnhelgebyrknes.com/>

Paradisfuglen er songen om å dra frå den ein elska, og alltid undrast på kva som hadde skjedd om ein hadde blitt.

Svartolder er eit mørkt trekantdrama med middelaldersk stemning og eit snev av Midt-Østen i tonespråket.


Kom heim er lengselen attende til der du høyrer til, ei tilbakeskuande livshistorie mot eit bakteppe av vestlandsk natur med fjell og fjord, regnbogeglans og klungertre.

Syng meg dei stille songane er historia til ei dame med langtkomen demens, som gjennom musikken får fram minne frå barndommen og lengselen etter den ho elska.

Svartrost er ein liten salme som prøver å samanfatte essensen i livet - og døden.



Bildetittel: Arne-Helge Byrknes, komponist og vokalist. Foto: Maylinn H. Byrknes



Bildetittel: Arne-Helge Byrknes, komponist og vokalist. Foto: Maylinn H. Byrknes



Bildetittel: Trude Håvardstun, tekstforfatter.



Bildetittel: Albumcover.

Arne-Helge Byrknes (vokal) Trude Håvardstun (vokal/kor) Bjarte Aasmul (gitarar)
Kai Taule (bass, kor) Henning Hodne Mjanger (steel-gitar) Daniel Hauge (keyboards, etc)

- 1 Blå vind
- 2 La månen lokke deg inn
- 3 Sånne tankar
- 4 Sakte dans
- 5 Barn
- 6 Paradisfuglen
- 7 Svartolder
- 8 Kom heim
- 9 Syng meg dei stille songane
- 10 Svarttrost



Tekst og musikk av Trude Håvardstun & Arne-Helge Byrknes
Innspelt, miksa, mastra og produsert av Daniel Hauge

n**o**b
2020 Arne-Helge Byrknes
All rights reserved
www.arnehelgebyrknes.com

Bildetittel: Albumcover back page